

SØKNAD OM FRITAK FRA VURDERING MED KARAKTER.

I forskrift til privatskolelova (juni 2020) står det:

§ 3-17. Fritak frå vurdering med karakter for elevar med individuell opplæringsplan

Elevar i grunnskolen som har enkeltvedtak om spesialundervisning og får opplæring etter individuell opplæringsplan i faget, skal få fritak frå vurdering med karakter etter avgjerd frå foreldra. I fag med både skriftleg og munnleg karakter vel foreldra om eleven skal ha både skriftleg og munnleg karakter. Om foreldra vel karakter i norsk skriftleg, kan dei også velje om eleven skal få karakter i eitt av skriftspråka eller i både bokmål og nynorsk. (...)

Skolen sitt styre skal syte for at eleven og foreldra i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva valet av fritak frå vurdering inneber.

Elevar som er fritakne frå vurdering med karakter skal ha undervegsvurdering utan karakter etter måla i den individuelle opplæringsplanen der planen avvikar frå læreplanen i faget.

§ 3-19. Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål

Elevar kan søkje om å få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål dersom dei

- a) har problem med å lære begge målformene på grunn av dokumentert sjukdom, skade eller dysfunksjon, eller*
- b) ikkje har gått i norsk grunnskole noko av ungdomstrinnet, eller*
- c) i løpet av ungdomstrinnet eller vidaregåande opplæring har hatt rett til særskild språkopplæring, eller*
- d) i løpet av ungdomstrinnet eller vidaregåande opplæring har gått ved internasjonal eller utanlandsk skole i Norge som er godkjend for å ikkje gi vurdering med karakter i sidemål.*

Elevar som er fritakne frå vurdering med karakter skal få undervegsvurdering utan karakter.

Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål kan givast sjølv om ein ikkje lenger er elev i faget. Skolen sitt styre skal stryke standpunktkarakter og eksamenskarakterar i faget dersom fritak frå vurdering med karakter er innvilga.

Avgjerda er eit enkeltvedtak. Den skolen som har ansvar for å skrive ut vitnemål, skal fatte enkeltvedtaket.

3-20. Fritak frå vurdering med karakter i kroppsøving

Elevar som ikkje kan følgje opplæringa i kroppsøvingfaget, skal få tilrettelagd opplæring så langt dette er mogleg for eleven. Elevar kan søkje dagleg leiar om fritak frå vurdering med karakter i faget når den tilrettelagde opplæringa eleven får, ikkje kan vurderast med karakter.

Avgjerda er eit enkeltvedtak. Elevar som er fritakne frå vurdering med karakter skal få undervegsvurdering utan karakter.

Vi søker med dette om at _____ i klasse _____

får fritak fra vurdering med karakter på bakgrunn av:

Denne søknaden gjelder følgende fag:

Fag:	Skriftlig	Muntlig

Dato

Foresatte

Søknad innvilget:

Dato

Rektor

Ifølge forvaltningslovens § 28 kan vedtaket påklages. Fristen for dette er 3 uker. Klagen sendes til skolen.

Kopi: Foresatte, kontaktlærer, elevmappe